



Stormaktspelet om Norge før 9. april

Av professor Olav Riste

Fra professor Olav Riste har Norsk Militært Tidsskrift mot-tatt denne artikkel, tidligere gjengitt i dagspressen. Artikkelen er sendt oss, da professoren mener P. O. Storlids artikkel i hefte 7 er misvisende.

9. april 1940 er ein av dei store korsvegar i norsk historie. Det er dagen då Norge med eit brutalt rykk vart rive laus frå sin isolerte utkantposisjon og kasta inn i krigen og storpolitikken. Resultatet vart fem års krigsallianse og okkupasjon, som gav nordmenn rotfeste i eit nytt jordsmonn der internasjonale spørsmål var nære realitetar. Og derfrå gjekk ingen veg tilbake til dei farne tider då Norge tilsynelatende hadde kunna vere for seg sjølv og leve sitt eige liv. Ingen kan derfor undre seg over at vegen til 9. april måtte bli eitt av dei største granskingsfelt i vår samtidshistorie, og at spørsmåla om årsakene til det som hende, eller om skulda for det, er blitt stendig tilbakevendande debatt-emne. No er førti år gått. Og mange vil med god grunn spørje: Kan noko meir eller noko nytt seiast om dette? Er ikkje det meste alt sagt?



På ein måte er det meste alt sagt. Likevel opplever vi gong på gong at underlege vrangførestellingar dukkar oppatt. No sist i P. O. Storlids elles tankefulle artikkel i NMT hefte 7, 1980 om det han kallar «Kappløpet mot Norden 1939—40». Det er uråd i ein kort replikk å imøtegå artikkelforfattarens mistydingar punkt for punkt.

Stormaktspelet om Norge vinteren 1940 var ein både omfattande og komplisert prosess. Å oppsummere denne i få og

knappe setningar vil seie det same som å gjere konturane i bildet skarpere enn dei var. Viktige nyansar vil bli borte. Av og til kan dette likevel vere nødvendig. Og i lys av livskrafta til nokre av mytene kring forspelet for 9. april synest det på høg tid å skjere inn til beinet og meisle ut nokre hovudkonklusjonar frå det rike tilfanget av solide forskingsresultat som no ligg føre.

Den sentrale myten om Vestmaktene politik i dette spelet går i si enklaste form ut på at England og Frankrike seinast frå månadsskiftet februar—mars 1940 og fram til 9. april sto klar til å gjere invasjon i Norge, og berre leita etter eit brukande påskot. Myten vart utmynta av den tyske propagandaen alt i aprildagene i 1940, og hadde lenge gode vekstvilkår. Sidan 1970, då dei britiske arkiva vart tilgjengelege har den ikkje hatt livets rett, trass i mange opplivingsforsøk. Kjeldene gjer det heilt klart at Vestmaktene i dagane fram til 12. mars budde seg på å sende ein større hærstyrke til Finland gjennom Narvik og Kiruna, dersom Finland ba om slik hjelp. Men denne finske appellen kom ikkje — i sta-

den slutta Finland fred med Sovjetunionen 12. mars. Derfor vart den britiske ekspedisjonsstyrken oppløyst og avdelingane spreidde, delvis til fronten i Frankrike.

Nye franske krav til britane om aksjonar i Skandinavia og andre fjerntliggende område førte så til at Det øverste allierte krigsrådet 28. mars vedtok mellom anna å leggje miner langs norskekysten samstundes med at Rhinen skulle minelegast frå lufta. Dagen etter, igjen etter forslag frå franskmennene, drøfta dei allierte spørsmålet om moglege tyske reaksjonar på minelegginga ved norskekysten. Som punkt 5 i ei oversikt over slike tok dei britiske militære sjefane med ein tysk aksjon for å skaffe seg fly- og flåtebasar i Sør-Norge. For å hindre at ein slik aksjon i så fall skulle lykkast, burde Vestmaktene bu seg på mottiltak i form av landgang i Narvik, Trondheim, Bergen og Stavanger «i den augneblinken tyskarane set foten på norsk jord eller der er klare prov på at dei er på veg til det.»

Ut av dette vaks det fram to slag førebuingar. Det eine tok sikte på å raske saman dei styrkar som fanst — ialt åtte bataljonar. Det andre gjekk ut på å improvisere eit apparat for å skaffe «den tidlegast moglege pålitelege informasjon om eit tysk utfall mot Norge eller Sverige». For dette formålet vart etterretningsoffiserar sende til fleire norske hamnebyar. Men oppgåva var vanskeleg. Derfor vart det i vedtaksprosessen mellom innhenting av informasjonar og ei eventuell landsetjing av britiske styrkar innlagt fleire sikringsventilar. Operasjonen kunne såleis avblåsast når som helst inntil styrkane

BRUKTE LASTEBILDELER

til Scania, Volvo, Mercedes, Magirus og MAN
Motorrer, gearkasser, kardanger, fjærer Startere
dynamoer, for- og bakakslinger, felger.

Karrosserideler — hytter.

Vi fører også plastskjermer for:

Scania LB 80 · 110 · 140 · og Volvo F 88 · 89 og N
86 · 88.

Vi kan også skaffe deler til andre merker.

Jørgen L. Olesen A.s

AUTORISERT BIL- og BREMSEVERKSTED

ALT I BRUKTE LASTEBILDELER

Postboks 111, Moen

4790 LILLESAND

Tlf. 042/70 655, etter kl. 18.00 tlf. 042/76 265 og 042/71 220

SNAKK MED FAGFOLK NÅR DET GJELDER

EMBALLASJE

Vår store kontaktflate i inn- og utland gjør det mulig for oss å skreddersy emballasje for Deres produkter.

Vi har kvalitetsemballasje til konkurransedyktige priser. Ta kontakt med en av våre emballasjekonsulenter som med glede står til tjeneste.

- Esker
- Bølgepapp
- Laminat til dyptrekking og vakuumering
- Jute
- Polyetylen, poser, sekker, ark og film
- Tape
- Limbånd
- Strapping
- Hurtig levering fra lager

A/S TOMMEN GRAM

Telefon 075/20 660

Boks 398 — 7001 Trondheim — Norway

var framme i målområda, der-
som meldingane om tyske tiltak
synte seg å vere falsk alarm.

4. april, dagen før minene et-
ter planen skulle leggest, var
desse førebuingane på sett og
vis klare. Men i mellomtida
hadde franskmennene forkasta
den delen av vedtaket 28. mars
som gjekk ut på eit samtidig
mineslepp over Rhinen. Britane
ville no først avlyse også tiltaka
ved norskekysten. Men etter
varsel om at dette ville føre til
politisk krise i Frankrike, på
grunn av opinionspresset for
ein meir handlekraftig krigspo-
litikk, vart det likevel bestemt å
legge miner på norskekysten
natta mellom 7. og 8. april.
Knappt nokon i det britiske krigs-
kabinettet venta no nokon om-
fattande tysk reaksjon mot
dette tiltaket. Førebuingane for
eventuelle mottiltak vart like-
vel ståande ved lag inntil vi-
dare, for det dei var verd. For,
som hærministeren sa det:
«Dersom tyskarane i det heile
skulle finne på å reagere, så vil
dei truleg gjere det straks etter
minelegginga. Vi vil derfor
snart få vite om beredskaps-
styrken i Storbritannia kan
oppløysast.» Ein improvisert
britisk beredskap for eit lite
sannsynleg tilfelle er dermed
alt som blir igjen av myten om
Vestmaktenes invasjonsplanar
framfor 9. april.

Også kring tysk krigspolitikk
i dette tidsrommet har myter
vakse fram. Mest kjend er den
som vil ha det til at Hitler satsa
på eit nøytralt Norge, men at
Vestmaktenes aggressive pla-
nar i Skandinavia gjorde det
nødvendig for Tyskland nær-
mast i sjølvforsvar å gå til in-
vasjonen. Til det er å seie at eit
nøytralt Norge nok kunne vere
til Tysklands fordel, nøkternt
vurdert, iallfall så lenge tilførs-

lene derfrå fekk gå som nor-
malt. Men nøkterne vurderin-
gar hadde trange kår i Hitlers
system. Det er ingen gitt å tren-
ge inn i Hitlers tankegang.
Vedtaksprosessen på tysk side
hadde heller ikkje form av opne
meningsutvekslingar der for-
slag og motforslag vart grunn-
gitt og drøfta. Forskinga må
derfor søkje årsaka til den
tyske invasjonen i ein kombina-
sjon av ulike element.

Eitt viktig utgangspunkt var
Hitlers behov for krigspolitiske
sigrar og framgang for ikkje å
misse taket på sitt folk. Myten
om Førarens genialitet gav ik-
kje rom for stillstand eller tilba-
keslag. Etter at Polen-felttoget
var over, og sidan offensiven
vestover stendig måtte utset-
tast, hadde Hitler derfor eit au-
kande behov for nye prov på sitt
meisterskap som krigsherre.
Og den tyske marineleiinga sto
klar med eit opplegg, som der-
ved blir det andre leddet i år-
sakskomplekset. Marinen
ønskte å spele ei større rolle.
Eit utfall mot Norge kunne bli
marinens gjennombrøt, og ba-
sar på norskekysten ville gi ein
god utgangsposisjon for ei inn-
sirkling av Storbritannia.

Kva rolle spelte så Vestmak-
tenes planar og førebuingar
med sikte på Skandinavia i det
tyske spelet? I samandrag kan
vi seie at dei kjem inn som eit
element i andre omgangen; står
så i ein periode i fremste rekkje;
men fell deretter — frå midten
av mars — ut av bildet. Den
tyske krigsleiinga hadde god
kunnskap om dei vestlege til-
taka, mellom anna kunne dei
lese den britiske flåtens kode-
meldingar. Dei visste derfor alt
den gongen det som mange i
dag nektar å tru — nemleg at
Vestmaktenes etter midten av
mars ikkje lenger sto på spran-

get til å gjere landgang i Norge.
Den tyske marinesjefen gjorde
dette klart for Hitler så seint
som 26. mars. Same dagen god-
kjende Hitler at den tyske inva-
sjonen skulle gjennomførast
ved nymåne. Dermed var «We-
serübung» kneset som ein sjølv-
stendig operasjon. Eventuelle
Vestmakt-tiltak ville heretter
berre kunne skape komplikasjo-
nar.

Summen av alt dette er at det
ikkje lenger lar seg gjere å opp-
retthalde den samlande og kan-
skje mest seiglivra myten om
stormaktspelet om Norge fram-
for 9. april: førestellinga om eit
kapplaupe mellom Tyskland og
Vestmaktene om kven som vart
den første til å «ta Norge». Berre i dei siste timane lagar
det seg til eit slags kapplaupe,
men då av eit heilt anna slag.
Litt før klokka sju om kvelden 8.
april, etter at det omsider
hadde gått opp for Admiralite-
tet i London at dei tyske krigs-
skipa i Nordsjøen sannsynleg-
vis hadde Narvik som mål,
gjekk der ordre til ei britisk flå-
teavdeling nord for Shetland
om å konsentrere seg om å hin-
dre fiendslege styrkar frå å nå
fram til Narvik. Til då hadde
den britiske flåten i Norskeha-
vet hatt som fremste oppgåve å
avskjere det ein meinte var eit
tysk utfall i Nord-Atlanteren.
Men sjølv dette kapplaupe til
Narvik var i røynda over før det
kom i gang. Den tyske styrken
hadde mange timars forsprang,
og kunne i ro og fred samle seg
til innsegling i Vestfjorden i dei
sine kveldstimane 8. april. Her
som elles langs kysten hadde
den tyske oppmarsjen lykkast i
ein grad som få hadde trudd
var mogleg. Men sjølv invasjo-
nen sto framleis att — og den
kom ikkje til å gå heilt etter
planen. ■